



Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Askedalen 2

6863 LEIKANGER

Vår ref.
13/1999-5/AHE
14/7791

Dykkar ref.

Arkiv
K2-N02

Dato:
25.09.2014

Innspel til rutetilbodet frå 1. mai 2015

Viser til dykkar skriv ang. ruteplanarbeidet for 2015.

I løpet av neste år vil vi oppleve stor aktivitet i ytre Fjaler som følgje av Veolia si etablering på Lutelandet. Det vil gje eit heilt anna behov for kommunikasjonar i ytre deler av kommunen vår. Denne etableringa vil også skape eit behov for arbeidsruter for folk i Solund og Askvoll. For Solund og øyane i Askvoll sin del bør desse også kunne kombinerast med behovet for pendlarruter inn mot den vidaregåande skulen i Dale.

Framlegget om å legge ned ferjekaia på Fure står i sterk kontrast til dei behova vi ser komme i samband med aktiviteten på Lutelandet.

Vi har opplevd at rutetilbodet frå ytre Fjaler til Askvoll, Atløy og Værlandet gradvis er blitt svekka. No er det nede på eit minimum av kva vi kan akseptere og vi krev difor at dei ferjerutene vi har i dag vert oppretthaldne.

I desember i fjor opna Dalsfjordsambandet. Utan at vi har fått tal på bordet enno, er det grunn til å ta tru at dette har gitt seg utslag i endra reisemønster. Vår oppfatning er at folk i Dale no for ein stor del nyttar Askvoll når dei skal ta ekspressbåten.

Vi ber difor om at fylkeskommunen er merksam på dette og vurderer behovet bussruter mellom Dale/Flekke og Askvoll som følgje av Dalsfjordsambandet.

Vi nemner også denne gongen behovet for ekspressbåtstopp i ytre Fjaler. Dette er no langt meir presserande med Veolia si etablering på Lutelandet.

Aktiviteten på Lutelandet vil gje eit heilt anna trafikkgrunnlag i ytre deler av kommunen vår.

Vi registrerer at ein tilbyr stjernestopp på Skjerjehamn og då meiner vi at minimum ei slik løysing må ein kunne få til også i ytre Fjaler.

Vi innser at det i eit spreiddbygd område som vårt er krevande å få eit tenleg rutetilbod som tilfredstillar alle. Difor er det ikkje minst viktig at fylkeskommunen framleis har ein pott til lokale transportmidlar som gjer oss i stand til å kunne sette opp transport internt i regionen i samband med ulike typar arrangement.

Med helsing

Arve Helle
ordfører